

# Strategi- og styringsdokument

Samfunnsutvikling

(Plan, kultur, næring, samfunnstryggleik og beredskap)

Alver kommune



VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

# Innhald

## **Innleiing**

1. Bakgrunn
2. Grunnlag for styrings- og strategidokument
3. Med blick mot Alver - nasjonale og regionale føringar for samfunnsutvikling og planlegging

## **Prinsipp, visjonar, mål og strategiar**

4. Berebjelkar og fundament for samfunnsutvikling i Alver
5. Visjon for Alver kommune
6. Strategiske utviklingsområder
7. Strategiske vegval (strategiar)
8. Oppfølging




# Innleiing



# 1. Bakgrunn

- Frå 01.01.2020 blir Alver kommune etablert, og då er kommunane Lindås, Meland og Radøy historie.
- Det er intensjonsavtalen for Alver kommune, underskrive i 2016, som legg grunnlaget for utviklinga av den nye kommunen. I tillegg er det vedtatt eit styringsdokument i desember 2017, som beskriv korleis prosessen med å bygge den nye kommunen skal gjennomførast. Det er fellesnemnda som er ansvarlig for gjennomføre samanslåingsprosessen fram til nytt kommunestyre er på plass hausten 2019
- Frå nyttår 2020 er det kommunestyret i Alver som avgjer korleis den nye kommunen skal utvikle seg . Fundamentet er beskrive i intensjonsavtalen og den legg føringar for korleis vi skal utvikle Alver kommune som samfunn og organisasjon.
- Det er det kommunale plansystemet som legg rammer for politikk og styring av ein kommune, og det er planstrategien som er grunnlaget for plansystemet. Planstrategien skal beskrive kva for planar Alver skal prioritere og utarbeide i første kommunestyreperiode. I intensjonsavtalen står det at gjeldande planar vert vidareført inntil den nye kommunen vedtar nye. For Alver vil det ta tid før dei overordna planane er på plass, mellom anna kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.
- Sjølv om intensjonsavtalen legg gode føringar for korleis vi skal bygge den nye kommunen, ser programansvarlig behov for å ha eit meir utfyllande strategi- og styringsdokument som kan gje ei tydelig retning på samfunnsutviklinga fram til Alver kommune har vedtatt ein kommuneplan. Strategi- og styringsdokumentet skal følgje opp og bygge både på intensjonsavtalen og hovudtrekka i dei eksisterande kommuneplanar for Meland, Radøy og Lindås.
- Strategi- og styringsdokument for samfunnsutvikling inneheld visjonar og mål som ligg i intensjonsavtalen, i tillegg er det henta ut mål og strategiar som er samanfallande i dagens tre kommuneplanar. Dokumentet legg særleg vekt på å følgje opp vedtatt politikk og planar innafor samfunnsutvikling, og det gjeld områda plan, næringsutvikling, kultur, lokalsamfunnsutvikling, nærmiljø, samferdsel, klima, miljø, infrastruktur og beredskap. Dokumentet er overordna med visjonar, mål og strategiar.



## 2. Grunnlag for strategi- og styringsdokumentet

Strategi- og styringsdokumentet bygger på fire styrande dokument:

### 1) Intensjonsavtalen for Alver kommune

- Underskrive i juni 2016

### 2) Kommuneplan for Radøy kommune – samfunnsdelen

- Vedtatt i 2011

### 3) Kommuneplan for Meland kommune – samfunnsdelen

- Vedtatt i 2013

### 4) Kommuneplan for Lindås kommune – samfunnsdelen

- Vedtatt i 2017



### 3. Med blick mot Alver - nasjonale og regionale føringer for samfunnsutvikling og planlegging

- Dette strategi- og styringsdokumentet tar utgangspunkt i intensjonsavtalen og gjeldende politikk i dagens kommunar, men i arbeidet med å bygge og utvikle Alver er det viktig å sjå framover og legge til grunn overordna nasjonale og regionale føringer for samfunnsutvikling og planlegging.
- Kwart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling.
- Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane, og ligg til grunn for dei statlege myndigheitene sin medverknad i planlegginga.
- Regjeringa la fram sine forventningar i mai 2019, og det er lagt vekt på at vi står overfor fire store utfordringar framover:
  - å skape eit berekraftig velferdssamfunn
  - å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
  - å skape eit sosialt berekraftig samfunn
  - å skape eit trygt samfunn for alle
- Det er også bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.
- Planlegging skal vere eit effektivt og godt styringsverktøy for å sikre ei tydelig strategisk retning på samfunnsutviklinga. Planstrategiane skal sikre prioritert og målretta planinnsats, og samfunnsdelen skal gi retning til lokalsamfunnsutviklinga og bidra til at nasjonale og regionale mål blir tilpassa lokale forhold.



# Prinsipp, visjonar, mål og strategiar



# 4. Prinsipp og fundament for samfunnsutvikling


- Når ein skal utarbeide eit overordna strategi- og styringsdokumentet for samfunnsutvikling er det viktig å ha eit grunnleggjande fundament som er gjennomgåande for utviklinga.
- Intensjonsavtalen for Alver og alle kommuneplanane har i dag prinsipp og føringar som er styrande for utviklinga.
- Etter gjennomgang av dokumenta finn vi fleire tema og prinsipp som er samanfallande i alle dei styrande dokumenta:
  - *Eit samfunn som inkluderer alle*
  - *God livskvalitet og gode oppvekstvilkår*
  - *Berekraftig samfunnsutvikling*
  - *Attraktiv næringskommune*
  - *Folkehelse, deltaking og mindre sosiale forskjellar*
  - *Attraktive lokalsamfunn*
  - *Kultur og frivilligheit*
  - *Tryggleik og trivsel*
- Med bakgrunn i dei desse fellesområda blir det foreslått å etablere fire grunnleggande «berekjelkar» som kan vere grunnlaget for samfunnsutviklinga i Alver kommune.





## 4. Berebjelkar for samfunnsutvikling i Alver

- Vekst og innovasjon
- Berekraft, klima og miljø
- Kultur og frivilligheit
- Folkehelse, tryggleik og deltaking



# 5. Visjonar for Alver kommune

## Henta frå intensjonsavtalen (Kap 2):

- Alver kommune skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling
- Alver kommune skal bygge ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv
- Me skal rekruttera, halda på og utvikla den beste fagkompetansen for å betra tenestetilbodet.
- Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur.
- Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidsregion.
- Målet er å få på plass ein sterkare kommune som byggjer opp under innbyggjarane sin felles identitet, ivaretek lokaldemokratiet og gjer den nye kommunen og regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver.
- Den nye kommunen vil aktivt søkja om å kunne ta på seg nye oppgåver og mynde slik at det lokale demokratiet i størst mogeleg grad kan styra utviklinga i eigen kommune.



# 6. Strategiske utviklingsområder

- For å sikre ei målretta og heilskapleg utvikling av Alver kommune, er det i strategi- og styringsdokumentet lagt opp til ei utvikling gjennom 7 strategiske utviklingsområder.
- Desse områda er definert med bakgrunn i kva utviklingsområder som er vektlagt i intensjonsavtalen og i kommuneplanane.
- Strategi- og styringsdokumentet er vidare bygd opp med hovudmål og konkrete strategiar for kvart av dei strategiske utviklingsområda. Alle mål og strategiar er henta frå intensjonsavtalen og kommuneplanane, og det er i hovudsak nytta same formulering som står i desse styringsdokumenta.
- **Strategiske utviklingsområder:**
  1. Utvikling av regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter
  2. Næring, innovasjon og entreprenørskap
  3. Lokalsamfunn, nærmiljø, kultur og frivilligheit
  4. Berekraft, klima og miljø
  5. Medverknad og lokaldemokrati
  6. Tenesteutvikling, digitalisering og organisasjon
  7. Samfunnstryggleik og beredskap



# 6. Strategiske utviklingsområder med hovudmål

| Strategiske utviklingsområder                                    | Hovudmål  |
|--|---|
| 1. Utvikling av regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter | Alver skal utvikle regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsentre som attraktive og levande sentre  |
| 2. Næring, innovasjon og entreprenørskap                         | Alver kommune skal vere blant dei fremste nærings- og utviklingskommunane på Vestlandet, og leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling   |
| 3. Lokalsamfunn, nærmiljø, kultur og frivilligheit               | Aktiv kvar dag i Alver! Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet, og den nye kommunen skal utvikle attraktive, helsefremjande og inkluderande lokalsamfunn. Alver skal byggja vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett. |
| 4. Berekraft, klima og miljø                                     | Alver skal ha ei samfunnsutvikling som er berekraftig og klimatilpassa.   |
| 5. Medverknad og lokaldemokrati                                  | Alver skal ha ei sterk folkevalt styring og involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv i utviklinga av kommunen, og Alver skal digitalisere dialogen med innbyggjarar.  |
| 6. Tenesteproduksjon og organisasjon                             | Alver skal vere ein attraktiv og kompetent organisasjon, og kommunen vil prioritere å digitalisere informasjon og dialog med innbyggjarane. Alver ønskjer å vera i front når det gjeld digitalisering av tenesteutvikling og tenesteproduksjon.   |
| 7. Samfunnstryggleik og beredskap                                | Alver kommune skal sikre at innbyggjarane har ein sikker og trygg kvardag, og kunne handtere uønska hendingar og krisesituasjonar   |



# 7. Strategiske vegval (strategiar)

- For å kunne nå definerte visjonar og mål er det viktig å ta tydelige strategiske vegval (strategiar).
- Strategiane skal bidra til at vi når ambisjonane for den nye kommunen, og det gir ei retning på korleis kommunestyret og administrasjonen skal jobbe med samfunnsutvikling fram til Alver kommune får vedtatt ein kommuneplan.
- Under kvart av dei strategiske utviklingsområda er det lagt inn strategiar som ein finn igjen i intensjonsavtalen og kommuneplanar. I dette kapitlet blir strategiane under presentert.



## 7.1 Utvikling av regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter (1)

### Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidsregion.
- Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur.

### Hovedmål:

- Alver kommune skal utvikle regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter som attraktive og levande sentre

### Frå intensjonsavtalen:

*Regionsenteret Knarvik skal vera kommunesenteret i Alver kommune. Lokal- og nærsenter vil bli lokalisert på Ostereidet, Lindås, Frekhaug, Vikebø, Manger og Bøvågen. Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet. Dette vil også gjelde eksisterande bygder.*

### Strategiar

#### Strategi 1:

- Sikre at definerte sentre i Alver blir attraktive arenaer for handel, næring, bustad, kultur, oppleving og rekreasjon.

#### Strategi 2

- Vekst i definerte sentre skal i hovudsak sikrast gjennom fortetting og auka arealutnytting

#### Strategi 3:

- Utvikle og ta vare på grønstrukturen i og rundt definerte sentra og tettstader.

#### Strategi 4:

- Satse på varierte bustadtyper for folk i ulike livsfasar

#### Strategi 5:

- Legge til rette for offentlig og privat tenesteyting i definerte sentre

#### Strategi 6:

- Sikre god pendlarparkering i og rundt sentre, og ha enkel kopling til kollektivtransport



## 7.1 Utvikling av regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter (2)

### Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidsregion.
- Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur.

### Hovedmål:

- Alver kommune skal utvikle regionsenter, kommunesenter, lokal- og nærsenter som attraktive og levande sentre

### Frå intensjonsavtalen:

*Regionsenteret Knarvik skal vera kommunesenteret i Alver kommune. Lokal- og nærsenter vil bli lokalisert på Ostereidet, Lindås, Frekhaug, Vikebø, Manger og Bøvågen. Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet. Dette vil også gjelde eksisterande bygder.*

### Strategi 7:

- Arbeide for gode transportårer og kollektivtilbod mellom regionsenteret og lokal- og nærsentre.

### Strategi 8:

- Arbeide for å utvikle tenestetilbod som naturleg høyrer heime i dei ulike sentra

### Strategi 9:

- Sikre at definerte lokal- og nærsentre har skule, barnehage, fritids- og servicetilbod

### Strategi 10:

- Utvikle regionsenteret til eit knutepunkt for samferdsel og kollektivtransport, og arbeide for å etablere raske og enkle kollektivalternativ mellom kommunen og Bergen - på sjø og land

### Strategi 11:

- Tilsetteintensive næringar skal ligge i nærleiken av regionsenter og lokal- og nærsentre.



## 7.2 Næring, innovasjon og entreprenørskap (1)

### Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Alver kommune skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling
- Alver kommune skal bygge ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv

### Hovedmål:

- Alver kommune skal vere blant dei fremste nærings- og utviklingskommunane på Vestlandet, og leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

### Strategiar

#### Strategi 1:

- Alver skal arbeida for at Knarvik vidaregåande skule har eitt breitt og mangfaldig tilbod.

#### Strategi 2:

- Alver skal arbeida aktivt for å opprette universitets- og høgskuletilbod i kommunen, gjerne knytt til lokalt næringsliv

#### Strategi 3:

- Alver skal satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk

#### Strategi 4:

- Alver skal styrkja, skapa og leggja til rette for nye arbeidsplassar (Entreprenørskap)

#### Strategi 5:

- Alver skal jobba for effektiv internkommunikasjon og for å realisera lokale samferdsleprosjekt (definert i intensjonsavtalen)

#### Strategi 6:

- Alver skal sikre effektive plan- og forvaltningsprosessar





## 7.2 Næring, innovasjon og entreprenørskap (2)

### Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Alver kommune skal vere ein heilskapleg samfunnsutviklar og byggja fellesskap i ein region med sterk vekst og utvikling
- Alver kommune skal bygge ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv

### Hovedmål:

- Alver kommune skal vere blant dei fremste nærings- og utviklingskommunane på Vestlandet, og leggja stor vekt på næringsutvikling og arbeidsplassutvikling

### Strategi 7:

- Samle og utvikle arealintensiv næring langs hovudfartsårer

### Strategi 8:

- Leggja til rette for auka matproduksjon og næringsutvikling i landbruket

### Strategi 9:

- Stimulere til oppretting av fleire og varierte arbeidsplassar for utsette grupper

### Strategi 10:

- Satse på utvikling av fag- og kompetansesarbeidsplassar.

### Strategi 11:

- Bruke sjøen og kystlina til næringsretta aktivitet, og vere fremst på berekraftig utvikling innan havbruk.

### Strategi 12:

- Vidareutvikle Mongstad som eit knutepunkt for industriell næringsutvikling i regionen



## 7.3 Lokalsamfunn, nærmiljø, kultur og frivilligheit (1)

### Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidsregion
- Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur.

### Hovudmål:

- Aktiv kvar dag i Alver! Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet, og den nye kommunen skal utvikle attraktive, helsefremjande og inkluderande lokalsamfunn.
- Alver skal byggja vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett.

### Strategiar

#### Strategi 1:

- Leggje til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet. Dette vil også gjelda for eksisterande bygder.

#### Strategi 2:

- Fremje eit differensiert aktivitetstilbod gjennom nærmiljøutvikling

#### Strategi 3:

- Leggje til rette for attraktive og varierte bumiljø for folk i alle livssituasjonar

#### Strategi 5:

- Sikre trygg ferdsel for barn og unge frå bustadområder til skular og andre aktivitetar i nærmiljøa

#### Strategi 6:

- Leggje til rette for digital infrastruktur i heile kommunen.

#### Strategi 7:

- Legge til rette for gode møteplassar og aktivitetsfremjande uterom i nye bustadfelt.

#### Strategi 8:

- Sikre at flest mulig i Alver skal ha fysisk aktivitet som ein naturleg og positiv del av kvardagen sin



## 7.3 Lokalsamfunn, nærmiljø, kultur og frivilligheit (2)

### Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Den nye kommunen skal vera ein god, attraktiv felles bu- og arbeidsregion
- Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur.

### Hovudmål:

- Aktiv kvar dag i Alver! Det skal leggjast til rette for vekst og utvikling med utgangspunkt i lokal identitet, og den nye kommunen skal utvikle attraktive, helsefremjande og inkluderande lokalsamfunn. Alver skal byggja vidare på og stimulera det lokale mangfaldet som er av frivillige lag og organisasjonar innanfor kultur og idrett.

### Strategi 9:

- Styrke og etablere arenaer for sosialt fellesskap og deltaking

### Strategi 10:

- Gi alle barn og ungdom tilgang på gode tilbud og tenester, og høve til å delta og bruke evnene sine uavhengig av bakgrunn

### Strategi 11:

- Sikre ei heilskapleg utvikling av kultur- og idrettsarenaer, og vidareutvikle etablerte og planlegge for nye arenaer

### Strategi 12:

- Vere ein føregangskommune innanfor kulturvern, og sikre immateriell og materiell kulturarv, styrke stadkjensle og kunnskap om lokalt særpreg, språk og identitet

### Strategi 13:

- Alver kulturskule skal fremje oppleving og utvikling for barn og unge gjennom skapande opplæring.

### Strategi 14:

- Bruke Strilabiblioteket til å fremje opplysing, medverknad og formidling, og vere ein aktiv arena for demokratiutvikling

### Strategi 15:

- Leggjje til rette for aktiv drift i landbruket og ta vare på verdifullt landbruksareal

### Strategi 16:

- Leggjje til rette for at frivillig arbeid får føreseielege rammer, og arbeide for at fleire engasjerer seg i frivillig arbeid



## 7.4 Berekraft, klima og miljø

### Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Alver kommune skal bygge ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv

### Hovudmål:

- Alver skal ha ei samfunnsutvikling som er berekraftig og klimatilpassa.

### Strategiar

#### Strategi 1:

- Leggja til rette buområde og aktivitetar som sikrar redusert behov for lokaltransport og sikrar infrastruktur for miljøvennleg transportmiddel

#### Strategi 2:

- Alver skal ha særskilt fokus på alternative energiformer, miljøeffektive løysingar og å førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling

#### Strategi 3:

- Vi skal redusere avfallsmengda, sikre god gjenvinning og handtering av avfallsmengda

#### Strategi 4:

- Mobilisere og engasjere særleg barn og unge, innbyggjarar og næringsliv til å ta aktivt del i klimaarbeidet.

#### Strategi 5:

- Stille krav til energieffektive løysingar og bruk av fornybare energikjelder i kommunen sin eigne investeringsprosjekt.

#### Strategi 6:

- Sikre eksisterande og nye buområde og infrastruktur mot konsekvensar av klimaendringar.

#### Strategi 7:

- Arbeide for ei berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald

#### Strategi 8:

- Leggje til rette for at kommunalt tilsette nyttar miljøvennlige transportløysingar og kollektivtransport.

#### Strategi 9:

- Nytte miljøvennlige transportløysingar i kommunale tenester, der det er praktisk mulig



# 7.5 Medverknad og lokaldemokrati

## Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Målet er å få på plass ein sterkare kommune som byggjer opp under innbyggjarane sin felles identitet, ivaretek lokaldemokratiet og gjer den nye kommunen og regionen betre i stand til å ta imot fleire oppgåver.
- Den nye kommunen vil aktivt søkja om å kunne ta på seg nye oppgåver og mynde slik at det lokale demokratiet i størst mogeleg grad kan styra utviklinga i eigen kommune.

## Hovudmål:

- Alver skal ha ei sterk folkevalt styring og involvere innbyggjarar, tilsette og næringsliv i utviklinga av kommunen
- Alver skal digitalisere dialogen med innbyggjarar.

## Strategiar

### Strategi 1:

- Utvikle nye og innovative måtar å involvere innbyggjarar på i kommunale plan- og utviklingsprosessar

### Strategi 2:

- Aktivt jobbe for å styrke lokaldemokratiet i Alver kommune

### Strategi 3:

- Aktivt byggje og kommunisere ein ny Alver-identitet, som byggjer på felles identitet og kulturarv i dagens kommunar

### Strategi 4:

- Involvere innbyggjarar i utviklinga av tenestene.

### Strategi 5:

- Arbeide for større lokalpolitisk styring i forvaltning av arealbruken i kommunen



# 7.6 Tenesteutvikling, digitalisering og organisasjon

## Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Alver kommune skal bygge ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv
- Me skal rekruttera, halda på og utvikla den beste fagkompetansen for å betra tenestetilbodet

## Hovudmål:

- Alver skal vere ein attraktiv og kompetent organisasjon, og kommunen vil prioritera IKT i informasjon og dialog med innbyggjarane, og ønskjer å vera i front når det gjeld IKT i tenesteproduksjonen

## Strategiar

### Strategi 1:

- Me skal digitalisere dialogen med innbyggjarar og næringsliv

### Strategi 2:

- Nytte frivillige ressursar som støtte og supplement til dei kommunale tenestene

### Strategi 3:

- Alver skal skaffa, utvikla og halda på dyktige og kvalifiserte fagpersonar.

### Strategi 4:

- Bruke ny teknologi og innovative løysingar i tenesteutviklinga, og satse på digitale løysingar og tenester som legg opp til sjølvbetening.

### Strategi 6:

- Alver kommune skal vere ein berekraftig og effektiv kommune med fokus på kvalitet, læring og utvikling

### Strategi 7:

- Alver kommune skal vere ein serviceinnstilt kommune med innbyggjar og brukar i fokus

### Strategi 8:

- Alver skal jobbe proaktivt med kommunikasjon og informasjon – både internt og eksternt.



# 7.7 Samfunnstryggleik og beredskap

## Visjon (frå intensjonsavtalen):

- Alver kommune skal bygge ein ny kommune for å møte framtida sine utfordringar i tenestetilbodet til innbyggjarar og næringsliv
- Tenestetilbodet skal vera der brukarane bur.

## Hovudmål:

- Alver kommune skal sikre at innbyggjarane har ein sikker og trygg kvardag, og kunne handtere uønska hendingar og krisesituasjonar

## Strategiar

### Strategi 1:

- Sikre heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i samfunnet og i organisasjonen.

### Strategi 2:

- Prioritere brann og trafikksikring i det førebyggjande arbeid

### Strategi 3:

- Sikre at samfunnskritiske funksjonar og kritisk kommunal tenesteyting fungerer ved uønska hendingar og krisesituasjonar.

### Strategi 4:

- Sikre at kommunen planlegg for klimaendringar i kommunen sitt heilskapelege planarbeid.



# 8. Oppfølging

- I intensjonsavtalen står det at dei tre kommunane aktivt skal søkja om utviklingsprosjekt som skal bidra til å realisera visjonane for den nye kommunen. Dette kan dreia seg om tilførsel av nye oppgåver, myndigheit som i dag ligg på statleg eller fylkeskommunalt nivå, prosjekt som kan utvikla felles kultur og identitet, pilotprosjekt innanfor næring og samfunnsutvikling m.m. Prosjekta bør ha felles forankring i dei tre kommunane og dei kan også omfatta tiltak innanfor eksisterande innsatsområde i kommunane.
- I intensjonsavtalen er det lagt inn nokre konkrete tiltak som er viktig for den nye kommunen, i tillegg pågår det prosjekt og tiltak i eksisterande kommunar som legg eit grunnlag for utviklinga av Alver og som underbyggjer dei utviklingsområda som er lagt inn i strategi- og styringsdokumentet.
- Det vil bli utarbeidd ein handlingsdel med prioriterte tiltak og prosjekt som støttar strategiane i strategi- og styringsdokumentet. Dette er pågåande prosjekt og tiltak som blir prioritert politisk i 2019. Strategi- og styringsdokument med handlingsdel blir lagt fram for politisk handsaming i 1. kvartal 2020.
- Strategi- og styringsdokumentet med handlingsdel gjeld fram til Alver kommune har vedtatt kommuneplanen sin samfunnsdel.
- Det er sektor samfunnsutvikling som er ansvarlig for å følgje opp strategi- og styringsdokumentet gjennom verksemdsplanlegging, og rapportering skjer i samsvar med reglement for politisk styringsstruktur, plansystemet og økonomireglement

